



Nils Gullak Kvalvågnes  
Kvalvågnesvegen 682  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/458 - 22/16407

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
25.02.2022

## Stadfestar mottatt klage på seksjonering av parkeringskjellaren - gbnr 188/757 Gjervik ytre

**Tiltak:**

**Byggjestad:** Gbnr: /

**Tiltakshavar:**

**Ansvarleg søkjar:**

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage på seksjonering av parkeringskjellaren i forbindelse med utsendt førehandsvarsel og rettesak om retting av bygningsopplysningar i matrikkelen, datert 29.12.2021.

I klagen er det bedt om at det skal foretas retting av seksjoneringa av parkeringskjellaren slik at parkeringskjellaren vert fellesareal i tillegg dei rettinga som framgår av førehandsvarselet. I følgje dykk, så følgjer det av rammeløyvet at parkeringskjellaren skal vere fellesareal.

Det er i skriv av 17.01.2022 frå kommunen gjeve nærare forklaring kva førehandsvarselet av 29.12.2021 innebar:

«Dette førehandsvarselet og denne rettesaka gjeld berre retting av feilregistrerte/ ombytta bruksareal og tal/type rom innvendig i dei enkelte seksjonane. Denne rettesaka oppstod på bakgrunn av at ein eigar melde om feil areal på sin seksjon. Ved ettersyn viste det seg at det var gjort ombyte av opplysningar ved fleire av seksjonane.

Kravet om omgjerding av at garasjearealet er oppretta som eigen seksjon 37, er ikkje denne saka vedkomande, og må eventuelt behandlast som eiga sak.

Det er avdelinga for Miljø og Tilsyn som behandlar alle klagesaker for heile tenesta arealforvaltning, og dykkar krav om reseksjonering av seksjon 37 vert difor overført til den avdelinga for vidare vurdering.»

Dykkar klage er no overført til avdeling Miljø og tilsyn for handsaming.

Sakshandsamingsfrista for dykkar klage følgjer fvl. § 11 a. Bestemmelsen seier at førebuing og avgjerd av sak skal finne stad «uten ugrunnet opphold»,. Sakshandsamingstida skal ikkje vere lenger enn det er grunn til. Forarbeida viser til at «ugrunnet opphold» ikkje gir ein konkret frist for saksbehandlinga, men er eit skjønsmessig begrep. Kva som utgjer «ugrunnet opphold», må imidlertid vurderast på bakgrunn av kor komplisert saken er, både faktisk og rettsleg samt kva for private og samfunnsmessige interesser den berører.

Dykkar klage kan verte avvist. Vedtaket om avvist klage er eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Klage på avvist klage vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

#### **Aktuelt regelverk**

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Nils Gullak Kvalvågnes

Kvalvågnesvegen 682

5956

HUNDEVIN

#### **Mottakarar:**

Nils Gullak Kvalvågnes

Kvalvågnesvegen 682

5956

HUNDEVIN